



Notat

Dato: 10.01.2019
Arkivsak: 2015/11453-170
Saksbehandlar: adelan

Til: Styret for Fagskolen i Hordaland

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Orientering om medlemskap i Sammen

Studentsamskipnaden Sammen har med sine samarbeidande utdanningsinstitusjonar laga ein avtale om ein berekningsmodell for finansiering av medlemskap (sjå vedlegg). Satsane som modellen har berekna, kan verte endra når fagskular vert medlem, fordi dette vil gje eit høgare studentgrunnlag enn kva utdanningsinstitusjonane har lagt til grunn i dag.

Satsane per student er som følgjer:

- Kr 60,- for Sammen sin administrasjon
- Kr 74,- for helse, rettleiings- og rådgjevingstenester
- Kr 378,- for tilgang til Sammen sitt treningstilbod

Til saman skal ein utdanningsinstitusjon betale kr 512 per student, med mindre det vert gjeve fråtrekk for disponering av fristasjon (lokale/areal som vert stilt til disposisjon for Sammen vederlagsfritt). På bakgrunn av studenttalet ved Fagskolen i Hordaland hausten 2018 vil dette koste om lag kr 600 000,- i året basert på denne satsen. I tillegg kjem semesteravgifta som studentane skal betale.

Fagskolen vil arbeide vidare med ein avtale slik at ein medlemskap er på plass til skulestart hausten 2019.